# Haiar som beitar

*Tekst:* **MAGNUS HOLM**

Haiar er kjende som rovdyr. Kven skulle trudd at dei òg har sjøgress på menyen?



Nokre artar hammarhai et både kjøtt og plantar

Amerikanske forskarar oppdaga at hammarhaiar ofte hadde sjøgras i magen. Ofte var det faktisk meir sjøgras enn fisk, krabbar og reker der.

Merkeleg, syntest forskarane. Men kanskje det var tilfeldig? Haiar kan nemleg sluke mykje rart, òg ting dei ikkje kan leve av. Forskarane bestemde seg for å undersøkje saka nærare.

**Berre gras**

Fem hammarhaiar vart fanga inn. I tre veker fekk dei nesten berre sjøgras å ete. Det viste seg at haiane greidde seg godt på plantekost. Dei voks og la på seg, og dei fordøydde sjøgraset heilt fint. Desse haiane var altså ikkje berre kjøttetarar – dei var altetarar!

**Puslespelet**

Dette er viktige nyheiter. Livet i havet er som eit stort puslespel. Både sjøgras og haiar er viktige puslespelbrikker. No veit vi litt meir om korleis dei passar saman.



# Oppgåver til leseteksten «Haiar som beitar»

**Lesetekst for 3.–4. trinn**





## Haiar som beitar

*Tekst:* **MAGNUS HOLM**

Haiar er kjende som rovdyr. Kven skulle trudd at dei òg hadde sjøgras på menyen?

Amerikanske forskarar oppdaga at hammarhaiar ofte hadde sjøgras i magen. Ofte var det faktisk meir sjøgras enn fisk, krabbar og reker der.

Merkeleg, syntest forskarane. Men kanskje det var tilfeldig? Haiar kan nemleg sluke mykje rart, òg ting dei ikkje kan leve av. Forskarane bestemde seg for å undersøkje saka nærare.

**Berre gras**

Fem hammarhaiar vart fanga inn. I tre veker fekk dei nesten berre sjøgras å ete. Det viste seg at haiane greidde seg godt på plantekost. Dei voks og la på seg, og dei fordøydde sjøgraset heilt fint. Desse haiane var altså ikkje berre kjøttetarar – dei var altetarar!

**Puslespelet**

Dette er viktige nyheiter. Livet i havet er som eit stort puslespel. Både sjøgras og haiar er viktige puslespelbrikker. No veit vi litt meir om korleis dei passar saman.

Nokre artar hammarhai et både kjøtt og plantar

1. Les artikkelen om haiar som beitar.
2. Kva er det som står i artikkelen som er overraskande?
3. Forklar korleis forskarane gjorde undersøkingane sine for å finne ut meir om hammarhaiane.
4. Kva heiter haiartar som bur i Noreg?
   Søk på nett eller sjå på lesekorta.